

Lesarbrev, referat og årsmeldingar kan sendast til Medieh  
5401 Stord eller via e-post til [redaksjonen@sunnhordland](mailto:redaksjonen@sunnhordland.no)  
underskrivast med fullt namn. Mottekne manuskript vert

*mi meining er og har alltid*



UTGJEVAR: Bladet Sunnhordland A/S  
Org.nr: 975 339 157 MVA. GODKJENT OPPLAG: 7036

Sunnhordland er eit uavhengig mediehus for kommunane Stord,  
Fitjar, Bømlo, Tysnes og Kvinnherad. Medlem i Mediebedriftenes  
Landsforening og Landslaget for lokalaviser.

## SUNNHORDLAND MEINER:

### Ein viktig debatt

**DAG JØRUND LØNNING** hadde ikkje vore heime på Stord på fleire år før denne veka, og laurdag tok han seg ein tur til sentrum for å visa sonen kor yrande folkeliv det var her. Det var då han fekk sjokk: Borggata var nærast tom for folk. Noko må gjerast, meiner den utflytta stordabuen, som meiner Leirvik sentrum er inne i vond spiral og at det er mykje forfall rundt om på bygningane.

– **ALLE EG** snakkar med synest utviklinga er veldig trist. Sjela på Stord er Vikjo og Borggata. No har marknadskreftene fått rå, og det har ført til at alt har hamna på Heiane, slår Lønning fast og foreslår ei lokal mobilisering og eit folkemøte om emnet. Først må ein finna ut kva ein vil med «Vikjo», så må ein setja i gang. Og det treng ikkje kosta så mykje. Han meiner regionscenteret har sove i timen, og han er skremd over kor raskt denne utviklinga har skjedd. Han får støtte frå LUK-koordinator Jorun Gjørwad i Hordaland fylkeskommune, som meiner det skal små grep til for å endra utviklinga.

**DET ER IKKJE** nokon «kven-som-helst-utflytta-stordabu» som her uttalar seg. Dag Jørund Lønning er bygdeutviklingsforskar, sosialantropolog, prosessfilosof og rektor ved Høgskulen for landbruk og bygdenæringar på Jæren. Lønning er ein aktiv debattant innan region, bygd og bygdelandskap. Der tradisjonell forskning har vore opptekne av dei som flytta til byen, har Lønning interessert seg for dei som flytta andre vegen. Der urbanismeforskarar framhevar byen som kreativiteten sin arena, har Lønning synt at den same nyskapinga i høgste grad eksisterer i Bygde-Noreg.

**NÆRINGSDRIVANDE**, politikarar og andre som er opptekne av Stord og Leirvik bør ta innspela med seg vidare. Utan liv og røre i sentrum, så døyr Stord og Leirvik som regionscenter. Det vil ingen vera tente med. Difor må denne saka opp på dagsordenen, og ein plass å starta er tipset på side 3 i dagens avis. Etter ein liten vinterpause, planlegg Stordtinget å skipa til nytt møte om halvannan månad. Her er utviklinga i sentrum tema - fordi det er ein viktig debatt som bør interessera dei fleste i kommunen. Og fram til då, rullar debatten som vanleg på [sunnhordland.no](http://sunnhordland.no) sitt debattforum. Og på lesarbrevplass. Lukke til med debatten!

**PFU**

Sunnhordland ønskjer å rette seg etter reglar for god presseskikk slik desse er nedfelt i Vær

Varsom-plakaten. Den som meiner seg ramma av urettmessig avisomtale vert oppfordra til å ta kontakt med redaksjonen. Det er også høve til å reise klage for Pressens Faglige Utvalg, Rådhusgt. 17 3. etg. postboks 46 Sentrum, 0101 Oslo, telefon 22 40 50 40. E-post: [pfu@np-nr.no](mailto:pfu@np-nr.no)